

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 06.11.2008 **Tid:** 14.00 – 17.15

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 5 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Odd Lønnebakken
Olaug Øystese
Jon Magne Bøgevik
Inge Aasgaard
Jens Harald Abotnes

I staden møtte:

Dagfinn Arne Gjerde
Ole Totland
Tyra Pedersen
Ove Aasebø
Sven Tore Kulleseid

Andre som var tilstade på møtet: Økonomisjef Nina Erdal under skriv og meldingar, adm.sjef og ass.adm.sjef under heile møtet.

Merknader: Sigmund Dyrhovden og Øyvind Røen fekk permisjon frå møtet i sak 33/08.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 7. november 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokoll frå førre møte vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:

Bright Olav Gåsdaal, Kristian Jørgensen og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:

Eva Hellevang orienterte om fulle bussar til Bergen, noko som gjer at reisande frå Samnanger vert tilbydd ståplassar, noko som ikkje er særleg trafikkikkert.

Ordføraren orienterte om møte den 1. desember mellom SKYSS og kommunen om busstransport og rutetilbod. Alle har rett til ein sitjeplass på bussen, og dette vil verta formidla til ansvarleg for kollektivtrafikken i fylket i dette møtet. I tillegg skal og spørsmål om fleire ruter internt i kommunen verta teke opp. Dette er m.a. eit initiativ som er kome opp i ungdomsrådet.

Sture Tveit orienterte om årsmøte i Bergen og Omland Friluftsråd. Han orienterte om at Vaksdal har søkt om å bli nytt medlem, noko som vil koma til medlemskommunane til høyring.

Tveit stilte også spørsmål om det vert jobba med ei omstrukturering av skuleområdet. Ordføraren orienterte om at kommunestyret har delegert til administrasjonsutvalet å gjennomgå kommuneorganisasjonen. Administrasjonsutvalet har bedt administrasjonen å vurdere m.a. driftsnivået på skule og pleie og omsorg.

Sigmund Dyrhovden orienterte om planar for veg over Haukeli mot Bergen over Boga/Søfteland. Tunnelen bak Tysse vert difor svært viktig.

Øyvind Røen orienterte om møte med Næringsalliansen om framtidige vegplanar og omklassifisering av t.d. fylkesvegar til kommunale vegar.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

- Statusrapport økonomi 2008.

Det var sendt ut notat til kommunestyremedlemmane med forventingar om den økonomiske situasjonen for 2008. Det vart her gitt ein del korrigeringar i høve til rapporten til kommunestyret i oktober. Økonomisjefen orienterte i møtet om svikt i skatteinngangen som resulterer i ei forventa inntektssvikt på budsjettet for 2008 på om lag 1,4 millionar.

- Utvalet sitt kvarter

Ordføraren minna kommunestyret om kva innspel som høyrer heime under ”punktet” utvalet sitt kvarter. Ho utfordra medpolitikarane sine til å bruka kvarteret til politiske innspel eller orientera frå møte/samlingar som medlemmane i kraft av å vera utsendingar frå kommunen har delteke på.

- Møte i IUA

Varaordfører Brigte Olav Gåsdal orienterte om møte i Interkommunalt utval for akutt forureining – region 15. Kommunane sitt arbeid med beredskapsplanlegging er svært viktig for å vera førebudd til evt. akutteulukker. Han viste og til at repr. for IUA meiner Samnanger kommune bør senda rekning for utgifter knytt til gassulukka/trafikkulukka i Haukanestunnellen vidare til forsikringsselskapet og at IUA gjerne ville verta halden orientert.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0031/08	08/00462	BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009.
0032/08	08/00479	STEINNEMND
0033/08	08/00458	GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2009

0031/08

BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2009.

Framlegg til vedtak:

Samnanger kommune ser positivt på å ta i mot 4-5 flyktningfamiliar.

Pga den nåverande bustadsituasjonen og kommunen sin økonomi, må bustadane som blir byggja vera fullfinansiert frå sentralt hald.”

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg: ”Utval for oppvekst og omsorg får i oppgåve å førebu ny sak for kommunestyret om mottak av flyktningar, jfr. brev frå IMDI dagsett 10.09.08. Saksførebuinga skal ha som målsetting å møtekomma ønskjer frå IMDA så langt det let seg gjera.”

Kommunestyret debatterte om framlegget var å sjå på som eit utsetjingsframlegg.

Kommunestyret slutta seg til å sjå framlegget som eit alternativt framlegg til tilrådinga frå Oppvekst og omsorg.

Debatten heldt fram.

Sigmund Dyrhovden bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva. Møtet vart sett.

Det vart røysta alternativt over framlegget til Gåsdal og tilrådinga.

Gåsdal sitt framlegg vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

Vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg får i oppgåve å førebu ny sak for kommunestyret om mottak av flyktningar, jfr. brev frå IMDI (Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet) dagsett 10.09.08. Saksførebuinga skal ha som målsetting å møtekomma ønskjer frå IMDI så langt det let seg gjera.

0032/08

STEINNEMND

Handsaming i møte:

Vidar Rolland (Bygdalista) sette fram følgjande framlegg: ”Medlemmer Knut Martin Bjørnås, Marion Pedersen, Bjørn Sævild, Sture Tveit, representant frå UR.”

Gunnar Bruvik (Frp) sette fram følgjande framlegg:” Medlemmer av Ad-hoc utvalet: Marion Pedersen, Svein Arne Nielsen (repr.. frå innbyggjarane og næringsdrivande), Rune Pedersen (Eikedalen Velforeining)”

Bright Olav Gåsdal bad om gruppemøte. Møtet vart mellombels heva. Møtet vart sett igjen.

Sigmund Dyrhovden sette fram følgjande framlegg:

1. Mandat: Utvalet får i oppdrag å få fram ein oversikt over mogleg bruk av steinmassar. Dette skal rapporterast attende til kommunestyret i junimøtet 2009. Utvalet må arbeida aktivt for å få innspel frå mange instansar. Kommunestyret er og open for å sjå på

alternativ som ikkje er i tråd med vedtekne planar. Like fullt må gruppa ha fokus på naturvern. I den grad det er bruk for midlar til å utgreia einskilde alternativ, må spørsmålet takast opp med kommunestyret. Det skal arbeidast tett opp mot Statens vegvesen og BKK.” .

2. 6 medlemmer; Bjørn Sævild, Marion Pedersen, Ole Totland, Sture Tveit, Kjell Odland, Andrea Trengereid Gjerde.
3. Leiar: Bjørn Sævild.

Bruvik (Frp) trekte sitt framlegg.

Tyra Pedersen (Frp) sette fram følgjande tilleggsframlegg:” Det annonserast i lokalavisa Samningen om 2-3 interesserte innbyggjar som vil vera med i steinnemnda. For å sikre at ikkje berre politikarar sit i nemnda.”

Vidar Rolland trekte sitt framlegg.

Det vart først røysta punktvis over framlegget frå Dyrhovden:

Pkt.1 - samrøystes vedteke

Pkt.2 – samrøystes vedteke

Pkt 3 – samrøystes vedteke

Det vart deretter røysta over framlegget til T.Pedersen, som fekk 3 røyster og fall.

Vedtak:

1. Mandat:
Utvalet får i oppdrag å få fram ein oversikt over mogleg bruk av steinmassar. Dette skal rapporterast attende til kommunestyret i junimøtet 2009. Utvalet må arbeida aktivt for å få innspel frå mange instansar. Kommunestyret er og open for å sjå på alternativ som ikkje er i tråd med vedtekne planar. Like fullt må gruppa ha fokus på naturvern. I den grad det er bruk for midlar til å utgreia einskilde alternativ, må spørsmålet takast opp med kommunestyret. Det skal arbeidast tett opp mot Statens vegvesen og BKK.” .
2. 6 medlemmer; Bjørn Sævild, Marion Pedersen, Ole Totland, Sture Tveit, Kjell Odland, Andrea Trengereid Gjerde.
3. Leiar: Bjørn Sævild.”

0033/08

GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR 2009

Framlegg til vedtak::

Godtgjersla til ordførar og varaordførar vert auka med 5% frå 01.01.09.

Satsane i regulativet for møtegodtgjersle i Samnanger kommune aukar tilsvarande. .

Handsaming i møte:

Sigmund Dyrhovden og Øyvind Røen fekk permisjon frå møtet. Det var då 19 medlemmer under handsaminga av saka.

Nils Gåsdal sette fram følgjande tilleggsframlegg:” For framtida må ein operera med kronebeløp og ikkje prosent når det gjeld ordførar og varaordførargodtgjersla.”

Det vart røysta over tilrådinga som vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta over framlegget til Gåsdal som fekk 5 røyster og fall.

Vedtak:

Godtgjersla til ordførar og varaordførar vert auka med 5% frå 01.01.09.

Satsane i regulativet for møtegodtgjersle i Samnanger kommune aukar tilsvarande. .